

# Teaterfestival på Bryne

Unge Spor ville gjera litt ekstra ut av Vestlandsmesterskapet i teatersport.

**JORUNN E. STEINSLAND** | tekst og foto  
jes@jbl.no

**TEATER:** I fjor var dei bare med på deltakarsida. I år står Unge Spor óg som arrangør av Vestlandsmesterskapet i teatersport. Meisterskapet er kvalifiseringa til Norgesmeisterskapet på Lillehammer i september.

Arrangøren stiller med ei deltakargruppe. Teatergruppa Fantefølge frå Bryne stiller óg med eit lag. I tillegg kjem eitt lag med elevar frå Vågen vgs på Sandnes og eitt lag frå Bergen.

Teatersportkonkurransen er på sundag. Konkurransen er open for publikum.

## Festival

I samband med Vestlandsmesterskapet bestemte Unge Spor seg for å laga til ein liten teaterfestival.

– Me gjer dette for å få liv og leven på Bryne, men óg for å skapa litt meir blest om teatermiljøa, seier Frode Førland i Unge Spor.

Han håper mange tek turen innom Bryne mølle i helga, og kan freista med teaterframsyningar, teaterkafé, open scene og parade.

– Her kjem til å bli mange kreative folk i lag. Det blir garantert mykje lått og moro, forsikrar Førland.



**PARADE:** Unge Spor vil skapa liv i Bryne sentrum med ein parade, slik Elise Sofie Dagestad gjorde i 17. mai-toget i fjor. (Arkivfoto)

## To framsyningar

Som ein del av festivalen inviterer Unge Spor til to teaterstykker i Bryne mølle: «Maria og José» og «Harmoni Dissonerer».

Maria og José blir vist fredag kveld og er eit stykke basert på boka med same namn av Erlend Loe. Maria er ei ung kvinne med høg utdanning. Ho er ei opplyst kvinne, men det er noko ho ikkje veit. Det bur nemleg ein

liten mann i det eine øyra hennar.

Med framsyninga debuterer Johanne Steinsland i Unge spor som regissør.

Den andre framsyninga står Iren Førland i Unge Spor bak. «Harmoni Dissonerer» blir vist laurdag ettermiddag og handlar om ei heilt vanleg kvinne som drøymmer om noko meir enn det enkle. Stykket stiller spørsmål

ved om ein kan oppleva harmoni utan at det er ein smule dissonans inne i biletet.

Stykket skal vera ei utfordring for skodespelarane og til forundring for publikum.

Under heile minifestivalen vil det vera open teaterkafé i Bryne mølle. Her inviterer Unge Spor til open scene både på fredag og laurdag, for alle som måtte ha ein skodespelar i magen.

Sjølv om heile festivalen går føre seg i mølla, ønskjer Unge Spor at det skal visa igjen i resten av Bryne sentrum at det skjer noko innan teater på Bryne denne helga.

– Laurdag ettermiddag kler me oss ut og lagar ein parade opp Storgata, fortel Frode Førland, som håper på mange tilskodarar.